

REGULERINGSFØRESEGNER FOR SNEKKEVIKA, RADØY AV 15.12.1983 - REVIDERT 03.09.85

§ 1. Det regulerte området er vist med plangrense på reguleringskartet av 15.12.83.- sist revidert 03.09.85.

§ 2. Arealet innanfor plangrensa er regulert til:

- A 1 - A 6 Byggeområde - hytter
- B Jordbruk/skogbruk
- C Parkeringsplass - gangveg
- D Badeplass
- E 1 - E 3 Spesialområde
- F Andre føresegner § 26 nr. 1 felles veg

§ 3. BYGGJEOOMRÅDER

I byggjeområde kan det berre førast opp tilsaman 6 hytter.
Oppføring av frittliggjande uthus er ikke tillate,
hytteplasseringane er koordinatbestemte og ein del einskilde
hytter skal plasserast slik at koordinatpunktet fell innanfor
grunnmuren.

Hyttene kan berre førast opp i 1 etasje, med ei grunnflate på
maks 90 m². Hyttene skal ha møntak.

Eksisterande vegetasjon i byggeområde bør vernast så langt råd er.

§ 4. JORDBRUK/SKOGBRUK

Områda skal berre nyttast til tradisjonell jord- og skogbruk.
Det kan ikke førast opp bygningar innanfor områda..

§ 5. PARKERINGSPLASS - GANGVEG

I området skal anleggast parkeringsplass. Den skal nyttast til
opplagsplass for tømmer i tida 01.09 - 01.05.

Frå parkeringsplass fram til badeplass er det gangveg.

Denne kan og nyttast til framdrift av tømmer i det før nemnde tidsrom.

§ 6. BADEPLOSS

Det er sett av område til friluftsføremål - badeplass.

Det er imidlertid høve å taka tømmer på land her visse tider
av året - 01.09. - 01.05.

Dei som har rettar til det, kan også lagra båtar her i nemnde
tidsrom.

§ 7. SPESIALOMRÅDER - NAUST/SMÅBÅTHAMN

a. I planen er sett av 3 områder til spesialområde - naust/småbåthamn.
I område E 1 kan det berre førast opp fellesnaust med totalt 14
eininger. Det må utarbeidast detaljplan for dette.

I områda E 2 og E 3 kan det i same rekkefølgje førast opp 5 og 4 stk.
einskildnaust. Desse må detaljplasserast i terrenget.

b. Innanfor reguleringsplanen er der 27 båtplasser, 20 stk. i felles
brygger i område E 1, resten ved naust i E 2 og E 3.

§ 8. Andre føresegner § 26 nr. 1.

FELLES VEG

Fram til båthamn m.m. inst i Snekkevika fører privat felles veg.

§ 9. FELLES FØRESEGNER

Der særlege grunnar talar for det, kan bygningsrådet innanfor råma av bygningslov, føresegner og vedtekter, gjera mindre vesentlege unntak frå planer og reguleringsføreseggnene.

Reguleringsføreseggnene er godkjendt i Radøy bygningsråd med endringar den 03.09.85, sak 191/85 B slik dei ligg føre.

SNEKKEVIKA - REGULERINGSPLAN
PLANFØRESETNAD

A. PLANSKILDRING

1. Planområdet er vist i generalplanen for Radøy som friområde.

Planen er utarbeida av Radøy kommune, Teknisk kontor.

2. Planen omfattar fylgjande eigedomar: Sjå eiga liste.

3. Planorientering

Snekkevika ligg midt på nordsida av Radøy i Taulsvågen.

Topografien er småkupert tilvaks med brake, lyng og ein god del gran- og furuskogkledd haugar.

4. Planinnhald

Det regulerete området er omlag 62 da.

Det meste er regulert til landbruksområde.

Der er sett av utbyggingsområder til hytter, ca. 6 da.

Friområde - badepass ca. 10 da.

Parkeringspass - gangveg 1 da.

Båthamn og naust 3 da.

5. Tekniske bestemmelsar

a. Tilkomst til hytter, båthamn og naust skal skje over privat fellesveg over Kjeseth.

Tilkomst friområde og badepass skal skje over gangveg (skogsveg) frå Sletten. Parkeringspass v/fylkesvegen - kombinert opplagspass i vintersesongen.

b. Vatn

Vassforsyning må skje frå private brønnar eller takvatn.

c. Spillvatn

Spillvatn frå hyttene skal gå til slamavskillar - sandfilterkum.
Alle utslepp skal godkjennast av bygningsrådet.

d. Privet

Privet i hyttene skal vera tørrklosett basert på biologisk nedbryting.

e. Renovasjonen

Alle hyttene i Radøy pliktar å ta del i kommunal renovasjonsordning.
Båthamn og badepass skal og ha oppsamlingsstativ for avfall.

f. Badepass og friområde

Badepass og friområde vert leigd av grunneigarane.
Området vert opparbeida etter detaljplaner.

Det skal vera ordning for både renovasjon og toalett.

Naustgrunnar kan stå. Området kan brukast til opplagspass i vintersesongen.

g. Båthamn - naust

Der er 3 områder til båthamn og naust.

I område E 1 kan det først opp fellesnaust med inntil 14 plasser.

I område E 2 og E 3 kan det først opp einskildnaust med inntil 5 stk. og 4 stk. naust. Desse skal detaljpasserast i terrenget.

Naust inne i badevika kan først oppatt av den storleik dei har hatt tidlegare.

Innanfor reguleringsplanen er der 27 båtplasser - 20 stk. i felles brygger i området, dei øvrige i bøye, brygge ved naust i E 2 og E 3.


h. Bygging

Eksisterande vegetasjon må vernast så langt råd.

Under oppføring av byggverk bør det nyttast slik plassering, utforming, materialbruk og fargeval som høver til terreng og omgjevnad.

i. Ytterlegare føresetnader

Skal utarbeidast i den omfang det er naudsynt for å få gjennomført planen.



LEIV LERVIK

08.04.97

M≈ 1:350